

**SJEKKLISTE FOR ARRANGEMENTSANSVARLEG I SOGNDAL IDRETTSHALL**

1. Ta ut alle kamprapportar i hallen for heile dagen du er arrangør. Kamprapportane finn du på [www.handball.no](http://www.handball.no). Ha gjerne ein tom kamprapport i bakhand.
2. Pass på å ha pengar til å betale dommarane. Dei skal ha oppgjør same dag. Kontakt Guri på førehand om det ikkje er pengar i skrinet som ligg i handballskåpet til J-15. Vaktmeisteren har nøkkel.
3. Gje melding til kioskansvarlege og sekretariat om at dei må møte 30 minutt før første kamp, men oppmann/trenar og heimelag bør møte 1 time før slik at dei gjestande laga ikkje kjem til tom hall.
4. Lag lappar med namn på laga og fordel garderobane på førehand. Få vaktmeisteren til å låse opp dei garderobane du treng.
5. Skjema for dommarrekning ligg i handballskåpet til J-15 eller i rommet bak sekretariatet.
6. Innmarsj og musikk skaper god stemning. Bruk gjerne stereoanlegget til handballgruppa, men pass på at du ryddar det fint inn att i rommet til vidaregåande. Vaktmeistaren har nøkkel.
7. Sekretariat og kiosk skal vera for alle kampane i hallen denne dagen om ikkje anna er avtala.
8. La foreldre ta med vaffelrøre. Då blir alt netto☺  
Vaffeljarn, kaffitraktar står i ”kiosken.” Vaktmeistaren har nøkkel.
9. Saft og syltetøy får vi hjå Lerum. Sjekk veka før at dette er på plass.
10. Ver sikker på at det er vekslepengar i skrinet.
11. Prislista skal ligga i ”kiosken”.
12. Pengane du får inn på kioskalet skal brukast til å betale dommarane med eller leggjast i skrinet i handballskåpet til J-15.
13. Sekretariatet må passe på at alle kamprapportane vert underskrivne av lagleiarar og dommarar.
14. Etter siste kamp må oppmann syte for at han har alle kamprapportane.
15. Sjå til at vi som arrangør forlet hallen i god stand. Plukk søppel i hallen og ikkje gløym garderobane.
16. Oppmann eller annan ansvarleg må ringe inn alle kampresultat. Telefonnummer står på kamprapportane. Rapportane skal også sendast krinsen i Bergen neste dag per post. Adresse står på rapportane.

**VIKTIG**

- Når laget ditt skal spele bortekamp, må du hugse på å få tak i ferjekort og billetter til bruk i Fjærlandsbommen hjå Guri.
- Lever det helst attende til ho same dag, med kvittering for ferjekostnadene.
- Hugs vestar om de møter lag med same draktfargar. Det er bortelaget sjølv som skal syte for vestar.